

## **Birger og bestefar på bytur til Stavanger**

Denne dagen var heilt spesiell, for i dag skulle Birger få lov å bli med bestefar frå Hjelmeland der dei bur, til Stavanger, for å selja plommer på torget. Kvelden før hadde Birger mest ikkje fått sovna, han låg berre i senga si og tenkte på dagen som skulle koma. Han hadde berre vore i byen ein gong før, men då var han så liten at han ikkje kunne hugsa det. Han låg og tenkte på korleis det ville vere å reise til Stavanger, som byen heitte. Dei skulle følgje ein båt som heitte ”Hjelmelandsfjord”. Birger visste godt korleis båten såg ut, for han kom til kaien nesten kvar morgen for å ta med seg folk og varer til byen. Birger hadde ofte vore med for å vinka farvel når bestefar drog inn til torget i Stavanger for å selja frukt. Og om kvelden når båten kom tilbake frå byen, var han der igjen for å møta bestefar. Birger var veldig glad i bestefaren sin. Han hadde alltid god tid til å snakke med Birger, og var så snill og grei, tykte Birger.

Så da bestefar spurde om han ville vere med til byen for å selja plommer, vart Birger så glad at han sprang rundt om til alle venene sine for å fortelja kva han skulle få vera med på. Han kunne nesten ikkje tru det. Det var nemlig ikkje vanleg at ein liten gut som Birger fekk lov å vera med til byen. Dei vaksne hadde det ofte så travelt nar dei skulle til byen, at dei ikkje hadde tid til å passe på ein liten gut eller jente på reisa.

Tekst: Sigrun Fister og Ola Skiftun, ill.:Merete Dille.  
Omarbeidd av Stavanger maritime museum.

## **God morgen!**

**Bestefar:** God morgen Birger. Er du våken allereie?

**Birger:** Å ja, eg har vore oppe lenge eg!

**Bestefar:** Det er godt å høyra, det skulle tatt seg ut om du hadde forsove deg i dag.

**Birger:** Nei, me skal jo reisa i dag! Er det lenge sidan du stod opp ?

**Bestefar:** Eg har vore oppe i fleire timer. Eg har nettopp vore nede på kaien med plommekassane. Eg måtte ha plommene i trekasser, dei er lettare å frakta med seg då.

**Birger:** (Ser ut som han tenkjer hardt på noko:)Nå har eg gløymt det igjen. Kva heiter dei plommesortane nå igjen ?

**Bestefar:** Me tek med oss Gul-plomme og Mellard-plomme. Det er greit for deg å vita når du skal vera med å selja på torget.



Tekst: Sigrun Fister og Ola Skiftun, ill.:Merete Dille.  
Omarbeidd av Stavanger maritime museum.

## På kaien

**Birger:** (Vinkar til mor) Hadet, mor! Nå reiser me. (venter litt, og roper som i eit svar:) Ja, eg har med matpakken!

**Bestefar:** Det er jammen mange som skal til byen i dag.

**Birger:** Der er far til Ommund. (Går bort og helser på Ommund: )

Skal du óg til Stavanger i dag ?

**Far til Ommund:** Ja, eg håpar å få seld alle pærene eg har med meg.

Du er heldig som får vera med bestefar, Birger.

**Birger:** (veldig fornøgd:) Eg veit. Eg gler meg .

**Bestefar:** Der har me båten. Stå i ro på kaien, Birger, medan eg lastar om bord kassane.

**Far til Ommund:** (til bestefar:) 20 kassar! Skal seie du har hatt ein fin avling i år.

**Bestefar:** Her er 200 kilo plommer. Kor mange kilo blir det i kvar kasse, Birger ?

---

## Om bord på båten

**Bestefar:** Kom skal eg halda deg i handa, så sett me oss med vinduet der borte. Herfrå ser med plommekassane våre.

**Birger:** Sjå, bestefar, ei ku!

**Bestefar:** Det er nok ei ku som skal sendast til slakthuset i byen.

**Birger:** Det er synd på kua. Kan hende ho er sjøsjuk ?

**Bestefar:** Ja, ho ser ikkje ut til å trivast. Men nå må me betala billettane, Birger.

**Billettør:** Det kostar to kroner og femten øre for ein voksenbillett, og ein krone for barnebilletten til Birger.

## Birger smakar kaffi

**Bestefar:** Eg trur eg må ha meg ein kopp kaffi før me legg til kai. Vil du ha noko å styrke deg på, Birger? (bestefar sett fram termosen og koppen sin)

**Birger:** Ein kopp kaffi til meg óg!

**Bestefar:** Drikk du kaffi du då?

**Birger:** Eg må vel begynna med det snart, så då kan eg vel gjera det no!

**Bestefar :** (snakkar med seg sjølv) Ja, ja, han får vel prøva ein kopp då. Men det skal eg ikkje seie til mor og far til gutungen då me kjem heim igjen, det er sikkert.

**Birger:** (slurpar) Det er godt med kaffi, bestefar.

**Bestefar:** Du er løyen du, Birger. Ser du at byen kjem nærmare og nærmare no? (bestefar peiker ut vindauge)

**Birger:** Åh! Eg gler meg sånn til å koma fram!

---

## Endeleg framme i Stavanger

**Bestefar:** Klokka er ni. Båten er presis. Me må forta oss, du får stå på kaien medan eg lossar kassane.

**Birger** Så mange hus! Og sjå kor store alle husa er!

**Bestefar:** Me får visst gå to gonger, me har så mange plommekassar at me ikkje klarer å lasta alle på kjerra på ein gong.

**Birger:** Eg kan hjelpa deg med å skubbe torgkjerra, bestefar.

**Bestefar:** Det er godt eg har deg. Eg hadde ikkje greidd dette åleine. Kom igjen, no skal vi opp på Torjå!

## På torget

**Birger:** Så mange folk her, då! Skal eg hjelpa deg med å setja opp salgsbordet?

**Bestefar:** Du kan leggja plommer i desse korgene og stilla dei ut på bordet.

Sjå godt etter om plommene er heile og fine.

**Birger:** Ja.

**Bestefar:** Kan du vere åleine ei lita stund ? Eg må henta resten av kassene på båten Du får laga eit fint salsbord Birger, slik at vi får selt masse plommer i dag. Du kan spørja far til Ommund om hjelp viss du lurer på noko.

**Birger:** Eg klarer det sikkert.



Tekst: Sigrun Fister og Ola Skiftun, ill.:Merete Dille.  
Omarbeidd av Stavanger maritime museum.

## **Birger får skryt og ei gammal dame kjem forbi**

**Forteljar:** Birger gjer så godt han kan. På den eine sida stiller han opp Gul-plommene og på den andre sida dei raudlilla Melard-plommene.

**Far til Ommund:** Det ser jo flott ut dette. Du har visst solgt varer på torget før du.

**Birger:** (kry i stemmen) Nei det er fyrste gongen eg gjer dette.

**Far til Ommund:** Det er godt du hadde sett plommene på eit par tomkassar. Når ein er på torget og sel frukt skal ikkje frukta stå på gata.

**Forteljar:** Plutseleg kjem det ei gammal dame framfor bordet.

**Den gamle dama:** Eg lurer på om eg skal velje Gul-plommer eller Melard-plommer når eg skal lage syltetøy. Kva trur du?

**Birger:** Eg tykkjer dei raude er best. Melard-plommene. Du kan få ein kasse med dei for ein god pris.

**Den gamle dama:** Kva meiner du med god pris då?

**Birger:** (*Birger ser tilfeldigvis bort på far til Ommund ein augneblink. Han held fem fingrar opp i lufta, og Birger kunne lesa på leppene hans at han sa «fem»*) Ei krone per kilo (stolt i stemmen). I denne kassa er det 5 kg.

**Den gamle dama:** Flott. Her har du fem kroner.

**Bestefar:** Så du står her og sel plommer du Birger, har du selt noko?

**Birger:** (Drar dei fem kronene opp frå lomma.) Sjå her bestefar, eg har selt fem kilo!

**Bestefar:** Du er jammen flink! Snart kan du reise åleine til byen og selje frukt.

Det ser ut til at me får kvitta oss med alt i hop. Viss me ikkje hadde fått seld alt saman, måtte me reist til byen igjen i morgon.

Tekst: Sigrun Fister og Ola Skiftun, ill.:Merete Dille.  
Omarbeidd av Stavanger maritime museum.

## I kramboden

Birger og bestefar har pakka sakene sine saman og begynt å gå ned mot kaien. På vegen kjem dei forbi butikken.

**Bestefar:** Der har med krambua til Slettebø. Sjå her Birger, her har du tre kroner, dei har du vel fortent. Du skal få lov å kjøpa deg noko fint. Kom nå, la oss sjå kva dei har.

**Birger:** Tusen takk bestefar, du er den snillaste eg veit om.

**Bestefar:** (til kjøpmannen) Eg vil ha to boksar med ananas, ei snelle bøtetråd og ein ny tollekniv.

**Kjøpmann:** Det skal du få. Og du, Birger, kva skal du ha ?

**Birger:** Eg skal ha eit kremmarhus med kandissukker. Bestefar, har eg råd til kjøpa den lommelykta ? Ommund fekk lommelykt til jul i fjor.

**Bestefar:** Ja, du har meir enn nok pengar til å kjøpe lommelykta.

**Birger:** Eg vil ha den lommelykta óg.

**Kjøpmann:** Vær så god. Dette er ei god lommelykt.

**Birger:** Eg har pengar igjen også , dei vil eg spare.

**Bestefar:** Eg trur jammen at det er mørke skyer, får ikkje håpa at det bles opp.

**Birger:** Mmm, men du, bestefar. Dette har vore ein kjekk tur. Det er den dagen kjekkaste eg har hatt.

**Bestefar:** Det er godt det, Birger. Det er godt, det!

